



Valle Sparebank

Delårsrapport for 1. kvartal 2021



Kvartalsrapport for 1K 2021

Rekneskapsprinsipp

Frå 01.01.2020 nyttar Valle Sparebank IFRS 9 som rekneskapsstandard. Det vert vist til noter i årsrekneskapen for 2019. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 31.03.21 er forvaltningskapitalen på 2.022,4 mill. kroner. Dette er ein auke på 253,4 mill. kroner, eller 14,32 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 31.03.21 på 1.551,4 mill. kroner, som er ein vekst på 112 mill. kroner, eller 7,8 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Brutto utlån er redusert med 10,7 mill. kroner sidan 31.12.20. Banken har ved utgangen av 1. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 703,7 mill. kroner, ein auke på 13,6 mill. kroner siste 12 mnd. Sidan nyttår er det ein nedgang på 1,4 mill. kroner

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 31.03.21 på 1.547,4 mill. kroner, som er ein auke på 198,4 mill. kroner, eller 14,7 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 99,7 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarende forholdstal 93,7 %. Det har vore ein auke i innskot på 76,5 mill. kroner eller 5,2 % sidan 31.12.20.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 7,1 mill. kroner, som er 0,98 mill. kroner lågare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 1,45 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,86 % på same tidspunkt i fjor. Andre driftsinntekter er på 3,2 mill. kroner, som er ein auke på 2 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor. Den store auken skuldast i hovudsak nedskrivning på verdipapirportefølja i 1.kvartal 20.

Andre driftskostnader utgjorde 7,5 mill. kroner, som er ein auke på 0,04 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er 3,5 mill. kroner løn inkludert personalkostnader mot 3,4 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 2,2 mill. kroner, mot eit overskot på 1 mill. kroner til same tid i fjor. Etter ei positiv

verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 0,39 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 2,1 mill. kroner. Til samanlikning viste resultat av ordinær drift etter skatt eit overskot på 0,77 mill. kroner til same tid i fjor.

Kredittap

Netto kredittap på utlån og garantiar utgjør 0,67 mill. kroner, mot 0,83 mill. kroner til same tid i fjor. Det vart i 1.kvartal 2020 gjort ei tilleggsavsetning på privatmarknaden på 0,2 mill kroner og på bedriftsmarknaden 0,3 mill. kroner. Grunnen til tilleggsavsetninga skuldast usikkerheit knytt til estimata i modellen gitt Korona-situasjonen. Dei modellutrekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen banken no er i, med dårlegare makroutsikter enn dei som er oppdatert i den eksisterande nedskrivingsmodellen. Dette betyr at banken meiner det er nødvendig å nytte vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i utrekning av nedskrivningar på utlån.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 194,1 mill. kroner ved utgangen av 1. kvartal 2021. Dette gjev ei kapitaldekning på 20,4 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 19,5 %.

Utsikter for resten av året

Sjølv om vaksininga i samband med COVID-19 har starta, og smitten på veg ned, er det framleis knytt usikkerheit rundt den økonomiske utviklinga i Noreg som følgje av koronapandemien.

Banken har så langt i år hatt ein god innskotsvekst, og ei positiv auke i provisjonsinntekter. Men på same tid har renteendringane som er gjort ført til ein svakare rentenetto, og konkuransen om kundane er stor, noko som førar til ytterlegare press på rentenettoen og bankens inntening.

Bankens soliditet og likviditetssituasjon er god, og det er styrets vurdering at banken er godt rusta til å kunne tole ytterlegare negative konsekvensar av COVID-19 situasjonen.

Resultat av underliggende drift er så langt i tråd med styrets forventningar.

Valle, 12.mai 2021

Anne Gjerden (sign)
(styreleiar)

Knut Inge Hovet (sign)
(nestleiar)

Elisabeth B. Spockeli (sign)

Kent M. Lund (sign)

Tor Arild Rysstad (sign)
(tilsettere representant)

Jostein Rysstad (sign)
(adm.banksjef)



Resultat	Note	1K 2021	1K 2020	31.03.21	31.03.20	31.12.20
<i>Beløp i tusen kroner</i>						
Renteinntekter og liknande inntekter berekna etter effektivrentemetoden		9.978	13.526	9.978	13.526	44.424
Renteinntekter på egedelar vurdert til verkeleg verdi		398	711	398	711	2.361
Rentekostnader og liknande kostnader		3.268	6.150	3.268	6.150	17.808
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		7.108	8.087	7.108	8.087	28.977
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		3.351	2.896	3.351	2.896	12.235
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester		407	426	407	426	1.700
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		61	0	61	0	3.579
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument		182	-1.323	182	-1.323	547
Andre driftsinntekter		57	63	57	63	235
Netto andre driftsinntekter		3.244	1.210	3.244	1.210	14.896
Løn og andre personalkostnader		3.547	3.407	3.547	3.407	13.114
Andre driftskostnader		3.707	3.911	3.707	3.911	16.535
Av- /nedskrivningar og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar		217	117	217	117	480
Sum driftskostnader		7.471	7.435	7.471	7.435	30.129
Resultat før tap		2.881	1.862	2.881	1.862	13.744
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	2, 3, 4	667	826	667	826	1.440
Nedskrivning og vinst / tap på verdipapir som er anleggsmidlar		0	0	0	0	0
Resultat før skatt		2.214	1.036	2.214	1.036	12.304
Skattekostnad		497	270	497	270	2.340
Resultat av ordinær drift etter skatt		1.717	766	1.717	766	9.964
Andre kostnader og inntekter						
Verdiendringar knytt til investeringar i eigenkapitalinstrument		389	0	389	0	2.563
Sum andre inntekter og kostnader som ikkje blir omklassifisert til resultatet		389	0	389	0	2.563
Totalresultat		2.106	766	2.106	766	12.527

Balanse	Note	31.03.21	31.03.20	31.12.20
<i>Beløp i tusen kroner</i>				
Kontantar		2.522	2.639	2.813
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		151.699	42.941	59.647
Utlån til og fordringar på kundar	3, 4	1.542.435	1.429.327	1.551.872
Renteberande verdipapir	6	181.026	162.005	187.667
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	6	121.669	112.125	121.150
Immaterielle egedelar		0	0	0
Varige driftsmidlar		16.565	13.726	13.447
Andre egedelar		6.448	6.226	6.089
Anleggsmidlar og avhendingsgrupper halde for sal		0	0	0
Sum eiendeler		2.022.364	1.768.989	1.942.685
Innlån frå kredittinstitusjonar		120.766	85.703	120.679
Innskot frå kundar		1.547.303	1.348.860	1.470.761
Gjeld ved utferdning av verdipapir	7	100.063	100.123	100.057
Anna gjeld		8.975	5.222	7.018
Avsetningar		3.581	805	3.643
Sum gjeld		1.780.688	1.540.713	1.702.158
Opptent eigenkapital	8	239.570	227.510	240.527
Periodens resultat etter skatt		2.106	766	0
Sum eigenkapital		241.676	228.276	240.527
Sum gjeld og eigenkapital		2.022.364	1.768.989	1.942.685

Eigenkapitaloppstilling

	Spare- bankens fond	Gåve- fond	Fond for urealiserte vinstar	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2021	221.623	5.439	13.465	240.527
Resultat etter skatt	1.717	0	0	1.717
Andre inntekter og kostnader	0	0	389	389
Totalresultat 31.03.2021	1.717	0	389	2.106
Utbetalt frå gåvefond	0	-957	0	-957
Eigenkapital 31.03.2021	223.340	4.482	13.854	241.676

Nøkkeltal

Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	1.kvartal	1.kvartal	Året
	2021	2020	2020
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	1.984.057	1.758.581	1.843.612
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,45 %	1,86 %	1,57 %
Kostnader i % av inntekter justert for VP	73,46 %	70,01 %	69,54 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt	2,90 %	1,35 %	4,31 %
Andel utlån til BM av totale utlån på balansen	11,27 %	11,25 %	11,03 %
Innskotsdekning	99,74 %	93,73 %	94,15 %
Rein kjernekapitaldekning	20,40 %	21,69 %	20,81 %
Kjernekapitaldekning	20,40 %	21,69 %	20,81 %
Kapitaldekning	20,40 %	21,69 %	20,81 %
LCR	240	129	116
NSFR	137	136	136

Noter til rekneskapen**Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønsmessige vurderingar****Rekneskapsprinsipp**

Rekneskapen pr.31.03.2021 er utarbeida i samsvar med Forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2020.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskriving vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Det er for tida stor uvisse om dei økonomiske forholda og utsiktene. Det medfører at bankens tapsnedskrivingar for kundar i både trinn 1, 2 og 3 må baserast på nye scenarioer og føresetnader. Det er tatt omsyn til om kundane også etter ei normalisering, og på lengre sikt, vil vere negativt påverka. Bankane har konkret vurdert om utlåna til kundane har indikasjon på auka kredittisiko eller om utlåna har vorte kredittforringa med utgangspunkt i at det vil vere bransjar og kundesegment som må forventast å verte ramma ekstra hardt. Vurderingane er gjennomført på både individuelt nivå (større engasjement og utsette engasjement) og gruppenivå og ved bruk av skjønn.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbundet med stor usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de avdekka objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3. Det er eit fåtal av bankens bedriftskundar som har mottatt vesentlege midlar frå støtteordningar, og tapsutrekninga er med dette i mindre grad påverka av slike støtteordningar.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjønn, blant anna ved vurdering av kredittisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

IFRS 16 – Leiekontraktar

Standarden IFRS 16 gjeld alle leigeavtalar og trådte i kraft 1.januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlata å bruke IFRS 16 for rekneskapsåret 2020 i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak. Banken implementerte difor IFRS 16 frå 1.januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 vert leigeforpliktinga målt til noverdien av framtidige leigebetalingar og bruksretteigedelen vert sett lik leigeforpliktinga.

For leigeavtalar som vert iverksett etter implementeringa 1.januar 2021 vil bruksretteigedelen bli målt til kostpris. I etterfylgjande peridodar vil leigeforpliktinga aukast for å spegle renta medan utførte leigebetalingar reduserar balanseført verdi av leigeforpliktinga. Rentene vert ført som rentekostnadar i resultatrekneskapen og bruksretteigedelen vert avskriva over leigeperioden. Banken har leige av lokaler i Kristiansand som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1.januar 2021.

Banken har vurdert å nytte fylgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorison (kortsiktige leigeavtalar under 12 månadar). Leigebetalingane vert då rekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tal ved overgang til IFRS 16.

Bruksretteigedelen er presentert saman med andre driftsmidlar/anleggsmidlar i balanseoppstillinga. Leigeforpliktinga er presentert på linja for anna gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt nokon innverknad på bankens eigenkapital per 1 januar 2021.

Bruksretten er tildelt risikovekt på 100 prosent, og verknaden på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

Andre usikkerheits faktorar

Noregs Bank har redusert styringsrenta til 0,00 %. Bankane sine utlåns- og innskotsvilkår er som følgje av dette redusert og som har ført til redusert netto rentemargin.

Ny misleghaldsdefinisjon

Frå o g med 1.1.2021 vart ny definisjon av misleghald innført, det fylgjer av desse reglane at ein kunde vil bli klassifisert som misleghalde dersom minst eitt av fylgjande kriterie er oppfylt:

- Kunden har eit overtrekk som både overstig ein relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhangande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1% av kundens samla eksponering.
 - For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1000 kroner
 - For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine kredittforpliktingar overfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er smitta av ein annan kunde som er i misleghald i samsvar med dei to første kriteria nemnt over.

Note 2 – Kredittforringa engasjement

Kredittforringa engasjement	31.03.21	31.03.20	31.12.20
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	3.347	11.083	11.747
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	2.856	310	0
Nedskrivningar i steg 3	-3.308	-4.475	-3.375
Netto misleghaldne engasjement	2.895	6.918	8.372
Andre kredittforringa engasjement			
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	6.833	2.266	2.282
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	3.468	5.879	5.840
Nedskrivningar i steg 3	-3.614	-2.105	-3.350
Netto andre kredittforringa engasjement	6.687	6.040	4.772

Note 3 – Utlån og fordringar på kundar, fordelt på sektor og næring

	31.03.21	31.03.20	31.12.20
Personmarknaden	1.372.653	1.305.113	1.392.907
Jordbruk, skogbruk, fiske	8.085	9.163	8.864
Industri	24.286	10.457	23.872
Bygg, anlegg	47.255	37.948	37.291
Varehandel	14.834	18.812	15.203
Transport og lagring	2.513		2.504
Eigedomsdrift og tenesteyting	78.645	46.204	78.604
Offentleg forvaltning og andre	3.083	11.458	2.814
Sum utlån før nedskrivningar	1.551.354	1.439.155	1.562.059
Steg 1 nedskrivningar	-1.333	-1.374	-1.105
Steg 2 nedskrivningar	-664	-629	-769
Steg 3 nedskrivningar (individuelle nedskrivningar i 2019)	-6.922	-7.825	-8.313
Sum utlån til og fordringar på kundar i balansen	1.542.435	1.429.327	1.551.872
Utlånportefølje hos Eika Boligkreditt AS	703.665	690.039	705.069
Totale utlån	2.246.100	2.119.366	2.256.941

Note 4 – Nedskrivningar og tap

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på innrekningstidspunktet samanlikna med sannsyn for misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månadars forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresestnader og effekten av diskontering.

Note 4 - Nedskrivningar og tap

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar 01.01.2021	338	500	6.041	6.878
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	2	-57	0	-55
Overføringer til steg 2	-2	63	0	62
Overføringer til steg 3	-3	-36	387	348
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i perioden	30	0	0	30
Utlån som er frårekna i perioden	-7	-54	0	-60
Konstaterte tap	0	0	-1.780	-1.780
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-41	67	0	26
Andre justeringar	532	8	0	540
Nedskrivningar personmarknaden 31.03.2021	848	490	4.649	5.988

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Utlån 01.01.2021	1.328.315	53.089	10.602	1.392.007
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	9.157	-9.157	0	0
Overføringer til steg 2	-5.113	5.113	0	0
Overføringer til steg 3	-21	-383	404	0
Nye utlån utbetalt	77.710	202	0	77.911
Utlån som er frårekna i perioden	-86.313	-8.374	-4.514	-99.201
Konstaterte tap			1.936	1.936
Brutto utlån personmarknaden 31.03.2021	1.323.735	40.490	8.429	1.372.653

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar 01.01.2021	767	269	2.273	3.309
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	42	-119	0	-77
Overføringer til steg 2	-6	58	0	52
Overføringer til steg 3	3	0	0	3
Nye utlån utbetalt	16	3	182	202
Utlån som er frårekna i perioden	-5	-12	-13	-31
Konstaterte tap			0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-19	-25	-168	-211
Andre justeringar	-315	0	0	-315
Nedskrivningar bedriftsmarknaden 31.03.2021	485	174	2.273	2.932

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar 01.01.2021	148.853	15.406	5.793	170.052
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	7.901	-7.901	0	0
Overføringer til steg 2	-6.977	6.977	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	6.608	0	0	6.609
Utlån som er frårekna i perioden	2.779	-147	-592	2.041
Konstaterte tap				0
Brutto utlån bedriftsmarknaden 31.03.2021	159.164	14.335	5.202	178.701

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar 01.01.2021	106	158	0	264
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	35	-94	0	-59
Overføringer til steg 2	0	2	0	2
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	4	2	0	6
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-45	-39	0	-84
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-2	0	0	-2
Andre justeringar	3	0	0	3
Nedskrivningar 31.03.2021	101	28	0	129

31.03.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 31.03.2021	95.862	8.791	1.520	106.173
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	5.061	-5.061	0	0
Overføringer til steg 2	-75	75	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unyttå kredittar og garantiar	17.928	40	0	17.968
Engasjement som er frårekna i perioden	-26.626	200	235	-26.192
Brutto balanseførte engasjement pr. 31.03.2021	92.149	4.046	1.754	97.949

Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar	31.03.21	31.03.20	31.12.20
Individuelle nedskrivningar ved begynnelsen av perioden	8.314	6.725	6.725
Auka individuelle nedskrivningar i perioden	0	1.100	2.272
Nye individuelle nedskrivningar i perioden	378	0	232
Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar frå tidlegare periodar	8	0	0
Konstaterte tap på lån som tidlegare er nedskriva	-1.779	0	-915
Individuelle nedskrivningar ved slutten av perioden	6.921	7.825	8.314

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	31.03.21	31.03.20	31.12.20
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-1.401	1.100	1.589
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	0	0	0
Endring i perioden i forventta tap steg 1 og 2	179	531	-124
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er føreteke nedskrivningar i steg 3	1.779	0	515
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3	157	72	204
Periodens inngang på tidlegare nedskrivningar/konstaterte tap	-47	-877	-744
Tapskostnader i perioden	667	826	1.440

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter bankens vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsmasjon.

RESULTAT	31.03.21				31.03.20				31.12.20			
	PM	BM	Ufordelt	Totalt	PM	BM	Ufordelt	Totalt	PM	BM	Ufordelt	Totalt
Netto renteinntekter	6.508	1.218	-618	7.108	8.269	479	-661	8.087	27.924	3.624	-2.571	28.977
Utbytte			61	61				0			3.579	3.579
Netto provisjonsinntekter	2.605	339		2.944	2.240	230		2.470	9.235	1.300		10.535
Netto vinst/tap på finansielle instrument			182	182			-1.323	-1.323			547	547
Andre driftsinntekter			57	57			63	63			235	235
Netto andre driftsinntekter	2.605	339	300	3.187	2.240	230	-1.260	1.210	9.235	1.300	4.361	14.896
Løn og andre personalkostnader			-3.547	-3.547			-3.407	-3.407			-13.114	-13.114
Avskrivningar på driftsmidlar			-217	-217			-117	-117			-480	-480
Andre driftskostnader			-3.707	-3.707			-3.911	-3.911			-16.535	-16.535
Sum driftskostnader før tap på utlån			-7.471	-7.471			-7.435	-7.435			-30.129	-30.129
Tap på utlån	-315	-352		-667	-526	-300		-826	-2.146	706		-1.440
Driftsresultat før skatt	8.798	1.205	-7.789	2.214	9.983	409	-9.356	1.036	35.013	5.630	-28.339	12.304
BALANSETAL												
Utlån til og fordringar på kundar	1.372.653	178.701	0	1.551.354	1.298.405	140.751	0	1.439.156	1.384.809	167.063	0	1.551.872
Innskot frå kundar	1.073.388	473.915	0	1.547.303	973.693	375.167	0	1.348.860	1.023.007	447.754	0	1.470.761

Note 6 - Verdipapir

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

- **Nivå 1** - Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske egedelar og forpliktingar
- **Nivå 2** - Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske egedelar eller forpliktingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk, egedel eller forplikting
- **Nivå 3** - Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Bankens verdsettingsmetoder maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapets egne estimat.

Verdsettingshierarki for verdipapir til verkeleg verdi.	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings-teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings-teknikk basert på ikkje-observerbare marknadsdata	Total
31.03.2021				
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet	0	181.026	0	181.026
Aksjar og andelar til verkelig verdi over resultatet	0	0	55.084	55.084
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	0	0	66.585	66.585
Sum verdipapir	0	181.026	121.669	302.695
			Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verk verdi over res
Avstemming av nivå 3				
Inngående balanse			66.227	54.923
Realisert resultatført vinst/tap			0	0
Urealisert resultatført vinst/tap			0	161
Urealisert vinst/tap i andre inntekter og kostnader			389	0
Kjøp			0	0
Salg			-31	0
Utgående balanse			66.585	55.084
31.03.2020				Total
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet	0	162.005		162.005
Aksjar og andelar til verkelig verdi over resultatet	0	45.523		45.523
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	0	-	66.602	66.602
Sum verdipapir				274.130
31.12.2020				Total
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet				187.667
Aksjar og andelar til verkelig verdi over resultatet				54.923
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader				66.227
Sum verdipapir				308.817

Note 7 - Verdipapirgjeld

Sertifikat- og obligasjonslån	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rentevilkår	
				31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020		
NO0010793409	26.05.2017	26.05.2021	50.000	50.057	50.096	50.042	3M Nibor + 1,1	
NO0010802671	12.09.2019	12.09.2023	50.000	50.007	50.027	50.015	3M Nibor + 0,95	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				100.064	100.123	100.057		
				Balanse	Emittert	Forfall/ innløyst	Andre endringar	Balanse
Endringar i verdipapirgjeld i perioden				31.12.2020				31.03.2021
Obligasjonsgjeld				100.057	0	0	7	100.064
Sum gjeld ved utferding av verdipapirer				100.057	0	0	7	100.064

Note 8 - Kapitaldekning

Beløp i tusen kroner	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Sparebankens fond	221.623	212.984	221.623
Gåvefond	4.482	3.946	5.439
Fond for urealiserte vinster	13.465	10.580	13.465
Frådrag i rein kjernekapital	-45.460	-48.932	-45.010
Rein kjernekapital	194.110	178.578	195.517
Fondsobligasjoner	0	0	0
Kjernekapital	194.110	178.578	195.517
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Ansvarleg kapital	194.110	178.578	195.517
Risikovekta utrekningsgrunnlag			
Kredittrisiko			
Statar og sentralbanker	0	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommunar)	14.833	6.658	14.762
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Multilaterale utviklingsbanker	0	0	0
Internasjonale organisasjoner	0	0	0
Institusjonar	32.051	10.838	15.026
Føretak	29.457	33.591	19.879
Massemarknadsengasjement	0	0	0
Engasjement med pantesikkerheit i eigedom	623.649	574.771	629.939
Forfalte engasjement	5.312	6.595	5.606
Høgrisiko-engasjement	50.119	0	62.357
Obligasjoner med føretrinnsrett	7.058	9.603	7.759
Fordringer på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	0	0
Andelar i verdipapirfond	13.789	11.223	14.695
Eigenkapitalposisjonar	23.322	22.314	25.725
Andre engasjement	73.937	72.940	65.665
Operasjonell risiko	78.194	74.751	78.194
Utrekningsgrunnlag	951.721	823.284	939.607
Rein kjernekapitaldekning	20,40 %	21,69 %	20,81 %
Kjernekapitaldekning	20,40 %	21,69 %	20,81 %
Kapitaldekning	20,40 %	21,69 %	20,81 %
Uvekta kjernekapital	9,63 %	10,39 %	10,61 %
Konsolidering av samarbeidande grupper	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
Rein kjernekapital	237.363	226.060	238.491
Kjernekapital	242.489	231.547	243.617
Ansvarleg kapital	248.948	238.464	250.077
Utrekningsgrunnlag	1.173.278	1.153.072	1.261.784
Rein kjernekapitaldekning	18,67 %	19,61 %	19,82 %
Kjernekapitaldekning	19,08 %	20,08 %	19,31 %
Kapitaldekning	19,58 %	20,68 %	18,90 %
Uvekta kjernekapitalandel	8,13 %	8,04 %	8,54 %